

Hest - 2. mai

05.05.10 Anne Rudsengen



På Grøndalseggi. Alle foto: Arnt Flatmo

1500 høgdemeter, 17,5 km, brunsvidde nasetipper, slitne kne og blide turdeltakarar. Slik kan turen 2.mai oppsummerast. Så må vi forte oss å legge til: vi kom oss ikkje på toppen av Hest. Det var veldig hardt og is i renna som er utsett i det bratte partiet mot toppen. Som eit plaster på såret vart det 100 høgdemeter ekstra opp på Grøndalseggi.



Ni spreke turdeltakarar møtte opp, og ved ti-tida tok turen fatt opp dei 900 høgdemetrane til Nonskard. Underteikna prøvde å halde eit roleg tempo og finne ein god trasè gjennom bjørkeskogen. Finn Loftesnes tok baktroppen. Det var hardt og lett føre med sol og 4-5 varmegrader når vi starta. Opp over fjellsida et ein fort høgdemeter, og på mykje av turen ser ein den karakteristiske toppen som var turmålet. Å komme opp til

Nonskard er eit mål i seg sjølv, med flott utsikt ned i Veitastrondsvatnet og rundt til fjell i alle retningar. Her dreide vi 90 grader og fortsette på ryggen mot Hest. Dessverre vart det å snu i skardet nedunder Hest. Utan stegjarn og isøkser, og evnetuelt også anna sikring, så var det ikkje forsvarleg å gå opp med ei turlagsgruppe. Men, det var likevel godt mot i turgjengen, og dei fleste vart med på turen opp om Grøndalseggi på veg tilbake. Så var det avslutning med 1000 meter nedkøyning. I starten med jamnt føre og god plass, men etterkvart med gjennomslagsføre og bjørkeskog. Trur alle var fornøgd med seg sjølv etter ein lang dag i fjellet.

Anne Rudsengen

Alle foto: Arnt Flatmo.



Fint på ryggen



Oversikt over ryggen



Ned mot skaret.



God plass til nedkjøring før bjørkeskogen.



Fin nedkjøring.



Sogn og Fjordane Turlag | 57720614 | Postboks 10 6801 Førde | sogturla@online.no |
<http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane/>
[Nettstedkart](#) | [Innhold A-Å](#)

© Den Norske Turistforening 2010